

RIKSANTIKVAREN  
Postboks 8196 DEP  
0034 OSLODato: 08.07.2016  
Vår ref.: 2014/11640-80  
Saksbehandlar: tortittl  
Dykkar ref.: 13/01092

## Verdiskaping på kulturminneområdet - Reiseliv i industriens vugge (RIIV)

Riksantikvaren har godkjent forlenging av prosjektet Reiseliv i Industriens vugge (RIIV) fram til juni 2016 med rapportering medio august 2016.

Det vert vist til spørsmål frå Åse Bitustøl ved Riksantikvaren sendt som vedlegg til e-post til prosjektleiar med kopi til Hordaland fylkeskommune den 08.03.2016. Vidare vert det vist til innkomande brev til Hordaland fylkeskommune frå Riksantikvaren datert 05.04.2016.

I brevet frå Riksnantikvaren heiter det mellom anna:

*I Reiseliv i industriens vugge har Riksantikvaren støttet fra 2013-2015 med til sammen over 1,1 millioner kroner. (...) Vi har mottatt et egengodkjent regnskap for 2013, men ikke regnskap for 2014 og 2015. (...) I retningslinjer for tilskudd som følger fra statsbudsjettet som fulgte tildelingsbrevet, står det blant annet at staten krever revisjonsbekreftet regnskap for tilskudd over 250.000 kroner.*

*Rapportering og rekneskap som er framlagt hittil, gir ikke grunnlag for å vurdere de konkrete resultatene av prosjektet. Prosjektet hadde som mål å etablere gode kontakter mellom reiseliv og markedsføringskanaler, men dette lar seg ikke spore. Vi imøteser derfor en grundig dokumentasjon på oppnådde resultater og dokumentasjon på det forpliktende samarbeidet mellom reiselivsaktørene og RIIV.*

*Tydliggjøring og synliggjøring av økonomisk verdiskaping og opptak i Arenaprogrammet om skulle prioriteres i 2015, er heller ikke oppnådd. Bekymring for disse forholdene er formidlet i e - post 08.03. i år .*

Vi har no motteke dokumentasjon frå prosjektleiar for RIIV som kan hjelpe til med å opplyse saka.

### Rekneskap

Vi legg ved rekneskap frå prosjektleiing for 2014 (vedlegg 1), revisjonsberetning for 2014 (vedlegg 2), rekneskap for 2015 (vedlegg 3) og revisjonsberetning for 2015 (vedlegg 4).

Spørsmål til prosjektet sendt pr. e-post 08.03.2016

Prosjektleiar har sendt svar på spørsmåla, jf. vedlegg 5.

## Dokumentasjon på oppnådde resultat og forpliktande samarbeid mellom RIIV og reiselivsaktørane

I vedlegg 6 – «Status pr. oppgave, juni 2016» har prosjekteiar sett opp prosjektet sine hovudaktivitetar med skildring av tiltak under kvart hovudpunkt.

### Arenaprogrammet

Opptak i Arenaprogrammet krev kommersiell forankring, utviklingsprosjekt og FoU – aktivitet.

I brev frå Hordaland fylkeskommune til Riksantikvaren - *Søknader til verdiskapingsprogrammet for 2015 i Hordaland* – datert 04.02.2015 vart spørsmålet om å knyte FoU-aktivitet opp til RIIV teke opp som punkt 1b i brevet.

Det heiter der:

*Prosjektskildring (forprosjekt) frå Telemarksforsking (vedlegg).*

*Føremålet med prosjektet er å sjå «på korleis tilrettelegging av kulturminna kan bidra til auka bruk, konkurransefortrinn i verdiskaping/reiselivssamanheng og ivaretaking av industriens kulturminne.» Prosjektet vert gjennomført innanfor prosjektstrukturen og finansieringsplanen til Reisemål i industriens vugge. Prosjektet set av kr 120.000,- til tiltaket. Dei andre prosjekta vil dekkje ev. ekstra reisekostnader og arbeidstid i forprosjektet dersom det er behov for ekstra assistanse. Det vert søkt Riksantikvaren om ekstra tilskott.*

*Forprosjektet er initiert av Reisemål i industriens vugge, men er eit fellesprosjekt. På grunnlag av plan frå Telemarksforsking vart det halde møte 30.01.2015 mellom prosjektleiarane i Kystpilegrimsleia, Kongevegen over Fillefjell, Den kulturelle fjorden, Reisemål i industriens vugge og representantar for fylkeskommunane i Sogn og Fjordane og Hordaland. Det var på semje om at prosjektet hadde stor overføringsverdi mellom verdiskapingsprojekta.*

*Forprosjektet er innanfor kategorien følgjeforsking og ligg utanfor nokre av vurderingskriteria i verdiskapingsprogrammet. Etter Hordaland fylkeskommune si vurdering har likevel tiltaket stor overføringsverdi til andre verdiskapingsprojekta, jf. mål om brei verdiskaping.*

Delprosjektet fekk avslag på søknaden. Heller ikkje ein delaktivitet i Hovudsprosjektet (RIIV) som skulle undersøkje tilgjenge til industriens kulturminne fekk støtte, og vart teke ut av prosjektplanen.

Prosess mellom RIIV og Arenaprogrammet er elles gjort geie for i vedlegg 6.

Det er grunn til å hevde at manglane følgjegransking i prosjektet har svekka moglegheit for opptak i programmet.

### Visningsturer/operatørar

Turoperatørar er viktige aktørar når det gjeld å organisere produkt og setje i gang marknadstilpassa aktivitetar både på inn- og utanlandsmarknadene. Difor er møtet mellom tilbod utvikla på industristadene og operatørane ein «syretest» på om det finst marknader for produkta, kva prisnivå som gjeld, og korleis produkta bør verte pakka og promotert.

RIIV har difor sett i verk fleire visningsturar for større turoperatørar, den siste vart arrangert mai/juni 2016. Tilbakemeldingane frå dei turoperatørane som deltok på turen, er evaluert og lagt inn i eit evalueringsskjema som er lagt ved, jf. vedlegg 7.

Økonomi

På prosjektkonto for Reisemål i industriens vogge i Kultur – og idrettsavdelinga står det p.t. kr 171.135. Denne summen er sett saman av statsmidlar og matchingsmidlar frå Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar.

Med helsing

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Tor Andreas Titlestad  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi: Sogn og Fjordane fylkeskommune